

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 45/2005

Møtedato: 16.9.05

Arkiv nr:

Reguleringsplan for "Øvre Stubbeset" – offentlig ettersyn

Vestre Slidre kommune har lagt reguleringsplan for fortetting av hyttefelt "Øvre Stubbeset" ut til offentlig ettersyn.

I gjeldande reguleringsplan for Stubbeset er det opna for at det kan fremmast ein bebyggelseplan med føremål å fortette arealet kalla H3. Vaset utbyggingsselskap har lagt fram bebyggelsesplanen for området. Fire av tomtene (tomt 1-4 i H1) som er lagt fram ligg utanfor grensa for H3 i reguleringsplan for Stubbeset.

Planforslaget inneheld 20 nye hyttetomter, samt 26 eksisterande hytter. Dei fire tomtene som ligg utanom H3 grensar inn mot bustadfeltet. Den vegetasjonsskjermen som er der i dag, deler bustadfeltet og hyttefeltet på ein naturleg måte, samtidig som den vert ein liten "leikeskog" for ungane i bustadfeltet. Kommunen sin sakbehandlar er i utgangspunktet skeptisk til å at desse tomtene er med. Ved offentlig ettersyn er det lagt fram to alternativ, med og utan desse tomtene.

Alle dei eksisterande hyttene og dei nye tomtene har punkt feste, men har fått teikna inn tomtegrenser. Storleiken varierar mellom 1,1 daa og 2,2 daa. Normalt disponibelt areal etter tomtefesteloven er 1 daa. Storleiken på tomtene gjer at det ikkje blir friareal/grøntområde eller passasje for ferdsel mellom ein stor del av tomtene.

Administrasjonen innstilte på at det ikkje skulle vera tillete å setja opp noko form for gjerde på tomta. Ved politisk behandling vart det føya til at det skal vera mogeleg å søkje om å få gjerde inn eit mindre areal. Dette arealet skal ikkje vera større enn 500 m². I andre hytteplanar i området har det ikkje vore tillete å setja opp gjerde. Det er ikkje grunngjeve kvifor det eventuelt er større behov for inngjerding i dette området.

Skiløypene har vore viktige i planprosessen og løypeval har skjedd i samarbeid med Vasetløypene.

Vedtak:

Fjellstyret meiner det er viktig å ha eit skjerma område mellom bustad- og hyttefeltet. Ein vil derfor tilrå at dei fire tomtene i H1 går ut.

Storleiken på tomtene gjer at det blir lite friareal/grøntområde og areal for ferdsel mellom ein stor del av tomtene. Fjellstyret tilrår derfor at storleiken på tomtene blir justert ned mot reglane i tomtefesteloven, alternativt at dei blir markerte som eit vanleg punkt feste utan arealavgrensing.

Fjellstyret kan ikkje sjå at det er større behov for inngjerding i dette området samlikna med dei andre hytteområda. Fjellstyret tilrår at det ikkje blir høve til å setja opp nokon form for gjerde.

Kjell Strand deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 22.9.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog
Vaset utbyggingsselskap